

Protokoll frå styremøte i Bygland IL 07.11.2019

Møtenummer: 4

Dato:: 07.11.2019

Stad: Klubbhuset

Til stades:

- Eivind Dalseg
- Sigve B. Jacob
- Gunnar Haugå
- Torgeir Besteland
- Ranghild Sordal
- Bergtor Haugå

Forfall: Leif Sigurd Helle

Sakar:

1. Godkjenning av protokoll fra forrige møte, jf. vedlegg 1.
Protokoll vart godkjent.
2. Økonomisk oversikt pr. 31.10.2019
Ingen vesentleg endring frå førre styremøte. Vi har kr. 1 487 000 på konto, og har fått inn kr. 200 000 i midlar frå gjensidige til Ridehallen.
3. Tilbod ljosløype på Heistad
Torgeir har fått inn eit tilbod på kr. 1 390 480 inkl mva. På full utskifting av stolpar og ljossarmatur. Det vart drøfta om det var eit alternativ å skifte kun armaturen og la eksisterande stolpar stå. Firma som har gjeve pris ville ikkje ha folk til å klatre i eksisterande stolpar på grunn av tilstanden. Torgeir meinte derimot at dei kunne nyttast vidare. Torgeir jobbar vidare med prosjektet, deriblant prøve å få det inn i IFK-planen til kommunen. Han talar med Anne Fauske om dette. Elles vart det òg drøfta kva vimplar ein skal nytte i målområdet, då dei vi har, har telenor sin logo på. Valle sparebank krev nye startnummer, men har til nå ikkje sagt noko om vimplar.
4. Kjøp av løypemaskin.
Bergtor har fått inn fleire tilbod på Husky-maskinar med fres. Vi har ikkje fått svar på søknaden til Gjensidige endå. Svar på denne kjem sannsynlegvis i desember. Ein er einige i at ein avventar til ein har fått svar på denne søknaden. Bergtor undersøker og moglegheita for å sende ein søknad til kommunen.
5. Status på ny nettside.

Eivind har tala med Trond, og nettsida er klar til lansering. Han kunne òg seie opp det vi har i dag, men fekk beskjed om å vente med dette. Det er usikkert om vi skal seie opp eksisterande e-post, eller skaffe ny. Bergtor sjekkar pris på å behalde eksisterande, Trond sjekker pris på ny. Eivind fekk ansvar for å publisere nettsida i mellomtida.

6. Status enduro

Det er avhalde møte med kommunen, og fått positive signal om mellom 50-100 000 kroner til enduroområdet. Det er i tillegg søkt om 50 000 frå NMF-sør. Eivind stilte spørsmål om idrettslaget kunne bidra inn i dette. Totalt budsjett er rekna med til å vere på kr. 180 000. **Styret vedtok å bevilge kr. 50 000 til endurobanen.**

7. Jolebord

Det skal også i år avhaldast jolebord. Det vert onsdag 18.desember kl 1930, med tilhøyrande styremøte kl 18 00 i forkant.

8. Eventuelt

Merkemaskin til lageret i idrettshallen vart drøfta. Torgeir kan skrive ut store lappar på arbeid. Det var eit ynskje om at han gjer dette. Styret meinte uansett at det kunne vere greitt å ha merkemaskin. Bergtor finn ut av dette, og kjøper evt. Merkemaskin.